



Anne Gunvor Mjøs
Tveitavegen 78
5282 LONEVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/515 - 23/19785

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
07.09.2023

89/116 Mjøs - Oppføring av garasje - ferdigattest

Administrativt vedtak. Saknr: 251/23

Tiltakshavar: Anne Gunvor Mjøs
Ansvarleg søkjar: Bergan Bygg AS
Tiltak: Oppføring av garasje
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for oppført garasje på gnr. 89 bnr. 116. Vilkår om samanføyning av eigedomar i vedtak av 23.09.2013 saksnr. 191/13 er ikkje oppfylt.

Gnr. 89 bnr. 116 er tilleggsareal til gnr. 91 bnr. 9, og garasjen på gnr. 89 bnr. 116 skal nyttast av gnr. 91 bnr. 9, og kan ikkje seljast separat, jf. dispensasjonsløyve av 22.02.2006 saksnr. 039/06.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 23.09.2013 saksnr. 191/13.

Det vert elles synt til søknad motteken 10.11.2014 og supplert 04.06.2015 og 30.12.2015.

Skildring

Adresse:	Gnr. 89 bnr. 116.
Bygningstiltak:	Oppføring av garasje
Bygningsnummer:	300408116

VURDERING

Kommunen har gjennom åra send fleire førespurnader til partane i saka.

Kommunen legg ut frå motteken informasjon til grunn at oppføring av garasje tok til i januar 2014 og at garasjen var ferdigstilt i november 2014. Sidan vilkår i vedtak av 23.09.2013 saksnr. 191/13 ikkje var oppfylt, vart ikkje søknad om ferdigattest handsama tidlegare.

I desember 2015 mottok kommunen søknad om mellombels bruksløyve. Kommunen skreiv ut mellombels bruksløyve 18.01.2016 saknr. 016/16.

Det er ikkje motteke nye dokument i saka etter utsending av nye førespurnader i 2020 og 2021.

Kommunen har teke ein ny gjennomgang av saka og kome fram til at det ikkje er aktuelt å senda fleire førespurnader. Tidlegare motteken søknad om ferdigattest vert likevel handsama, og det vert skrive ut ferdigattest, der det vert presisert at vilkåret i vedtak av 23.06.2013 saksnr. 191/13 ikkje er oppfylt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/515.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Gunvor Mjøs
Bergan Bygg AS

Tveitavegen 78
Solbjørgsdalen 84

5282
5282

LONEVÅG
LONEVÅG